



Randi Helen Stall Osmundsen
Ørnnova 46 A
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4591 - 19/37692

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
siril.therese.sylta@lindas.kommune.no

Dato:
16.12.2019

Etterlyser ferdigattest for bustad - gbnr 233/128 Eide indre

Lindås kommune viser til vedtak om oppføring av einebustad datert 13.02.2007, sjå vedlegg.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Etter det vi kan sjå er føretaket Brødrene Hindenes AS opphøyrd. Du må difor få tak i eit nytt føretak som skal fullføre søknadsprosessen for deg.

Frist for å søkje om ferdigattest vert sett til 28.02.2020.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til tiltak gbnr 233128 bustad - nybygg - ett-trinns søknad (L)(398690)
5167_anmodning_om_ferdigattest_eller_midlertidig_brukstillatelse



Mottakarar:

Randi Helen Stall Osmundsen

Ørnova 46 A

5993

OSTEREIDET